

# Baroniet Rosendal

TEMA: Setegard og klostergods ④47, Embetsmennene ④61  
KART: ④438

## BARONI OG ADELSGODS

Innføringa av eineveldet i 1660 hadde brodd mot den gamle danske riksrådsadelen. Kongen oppretta no ein ny titulæradel, med grevar og baronar i dei øvste rangklassane.

Denne adelen var i prinsippet open for «nye» ætter, med rot i borgarskapet. Den gamle adelen heldt seg lenge tilbake, men Rosenkrantzætta var eit unntak.

Det økonomiske grunnlaget var Ludvig Rosenkrantz sitt giftarmål med den rikaste arvingen i Noreg, Karen Mowat, i 1658. Ho var dotter til Axel Mowat på Hovland på Tysnes. Mellom Mowat'ane sitt jordegods i Kvinnherad var dei gamle adelege setegardane Mel, Hatteberg og Seim.

Barontittelen kosta Rosenkrantz mykje. For at eigedomen i 1678 skulle få status som baroni, måtte Ludvig gje heile jordegodset til kongen og få det att som len. Då sat han der som ein friherre, med full domsrett og «hand- og halsrett» over bøndene. Men dersom mannslina døydde ut, gjekk godset vederlagsfritt attende til kongen. Alle sønene til Ludvig Rosenkrantz fall i krigsteneste, så nær som den vanføre Axel – «baron Klump». Han hadde ingen søner, og då han døydde, gjekk eigedomen tilbake til krona.

Godset kom på sal og i 1745 vart det kjøpt av Edvard Londemann, biskop og lektor i teologi ved Bergens katedralskole. Han fekk oppretta stamhuset Rosendal for seg og si ætt, og fekk barontittelen etter søknad. Han tok då namnet Londemann de Rosencrone. Dei gamle baronirettane galdt ikkje lenger, og arvereglane var meir liberale. Stamhuset gjekk no i arv gjennom fleire kvinneledd.

I 1927 vart eigedomen overdregen til Universitetet i Oslo under namnet «den Weis-Rosenkronske Stiftelse». I 1990 fekk Baroniet status som halvoffentleg museum, finansiert av staten, Hordaland fylkeskommune og Kvinnherad kommune.

☞ På Baroniet kan du i sommar- sesongen vera med på omvising, oppleve konsertar og kunstutstillingar, eller ta del i familieaktivitetar som karding og spinning i borgstova og bakst i kjøkkenet. Den rekonstruerte «Kjøkken og Urtehaven» gjev eit fint nærbilete av det økologiske hagebruket.

**Baroniet i Rosendal ligg på grunnen til den gamle adelege setegarden Hatteberg, på nordsida av Hattebergelva, ein kilometers veg opp frå sjøen. Dei tre setegardane Seim, Mel og Hatteberg danna kjerna i det store jordegodset som Ludvig Rosenkrantz overtok i 1662, etter at han i 1658 gifte seg med Karen Mowat.**



Den vakre hovudbygningen er truleg oppført i åra 1660–65, etter at Ludvig Rosenkrantz hadde overteke setegarden på Hatteberg. Karen og Ludvig fekk Hatteberg i bryllaupsgåve. Her bygde dei sitt staselege steinslott, ein luksus i norsk samanheng. Midt i muren står ein ruvande barokkportal med våpenskjolda til familiane Rosenkrantz og Mowatt og innskrifta: «Melius Mori In Libertate Quam Vivere In Servitute 1665» («Betre å døy i fri-dom enn å leva i trældom»). Toppstykket med våpenskjolda har innskrifta «WB. Ludwich Rosenkrantz Fr. Karren Movath». Ein litt enklare portal innrammar hovudinngangen på sørfloyen på motsett side med innskrifta: «Wer Gott vertrawet hat wol Gebauwet. Anno 1662».

Bygningen er bygd i stein, med klebersteinshjørne og portalar av sandstein.

Etter tradisjonen skal ein del av steinen vera henta frå det mellomalderlege gardskapet på Mel, og skotske

Anlegget er prega av barokkens symmetri, med to sidesføyar ut frå hovudfloyen, samanbundne av ein mur som dannar den fjerde veggjen i borggarden.





# Baroniet Rosendal



Baroniet Rosendal måla av Hans Sager i 1705.

Nedst: Herskap og tenarar.

Familiane Hoff Rosenkrone og Weis Rosenkrone på tur med vengjebåten i 1890.

Under: Ludvig Rosenkrantz og Karen Mowatt.



murarar skal ha stått for arbeidet. Sandsteinsportalane må derimot vera hogne av danske eller nordtyske handverkarar og eksportert til Rosendal i ferdig stand.

Det utsvaia valmtaket hadde tidlegare form av eit knappare valmtak utan svai, tekt med raud tegl, slik vi ser det på Hans Sagers måleri frå 1705.

Hagen vart sannsynlegvis opparbeidd like etter at hovudbygningen vart reist. På Sagers måleri ser vi ein inngjerda renessansehage med «hagehus» på vestsida av borga.

Landskapsparken vart vidare utforma i tre trinn frå omlag 1850 til 1870-åra. Sørvest for den gamle hagen vart dei gamle husa på garden Hatteberg rivne, og det vart planta tre og buskar. Berre smia står att, ved inngangen til parken.

I neste trinn vart det skapt ein romantisk naturhage, med dammar og bruer, sør for hovudbygningen. I sentrum av hagen vart det murt eit lysthus på ein liten holme (bilete nedst s. 196).

Tredje trinn var utforminga av parken aust for borga. I 1870-åra vart det anlagt ein naturpark med bøk- og nåletre.

Interiøret er rikhaldig og i sjeldsynt



Tixø var ein av husmannsplassane som låg direkte under baroniet. Måleri av Lul Krag.

grad autentisk. Her er rom med franske tekstiltapet frå 1600-talet, bergenske empiremøblar og ei stor malerisamling med hovudvekt på nasjonalromantikken. □

## ROSENDAL

Knapt noko anna stadnamn i Hordaland står det ein friskare dâm av enn Rosendal. Og den tradisjonsrike bygda med baroniet i blomdebunad er vel verd ei vitjing. Men namnet er ikkje gamalt. I eit dokument frå 1723 står det «Rosenthal – tilforn Hatteberg kaldet». Og «tilforn» må vera før 1678; det året garden vart opphøgd til baroni. Baroniet vart namngjeve etter mønster av adelsseta Rosenvoll og Rosenholm i Danmark. Namneleddet Rosen- har såleis runne av tysk rot.

Langt eldre er altså namnet Hatteberg. Føleddet Hatte- reknar ein med går attende på ei eldre genitivform av ordet hott, brukt om runde fjellknattar. På garden er det fleire slike, m.a. ein som har vore kalla Skoltten. Mel er laga av det vanlege ordet (sand)mel, sandgrunn, sandbakke. På Mel skal det i mellomalderen ha stått ei kyrkje. Seim, som ligg litt lenger sør, går attende på Sæheim: 'garden ved sjøen'. Endå meir historisk interessant er Skåla (uttala på same måte som verbet å skåla), ein av grannegardane til baroniet. I eldre tid vart skåle brukt om 'forsamlingshus, gildeskål', (jf. Gildeskål i Nordland), og det er grunn til å tru at Skåla tidleg har vore ein samlingsstad for folk frå distriktet ikring.

